



Høringsuttalelse (KF-340)

Referansenummer: ISKG6F

Registrert dato: 01.09.2016 18:51:09

Innledning	
Uttalelsen gis	
<input type="radio"/> Personlig <input checked="" type="radio"/> På vegne av foretak/lag/forening	
Opplysninger om foretak/lag/forening	
Foretak/lag/forening	
Ostereidet Skulemusikk	
Navn på innsender	
Grethe Hansen Stemland	
Rolle	
Leiar	
Adresse	
Breivika2	
Postnummer	
5993	
Poststed	
Ostereidet	
Telefon	
99386085	
Epostadresse	
grethe169@gmail.com	

Høringsuttalelse	
Høringsuttalelse	
Velg høringsuttalelse:	
<input checked="" type="checkbox"/> Plan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016 - 2024	

Uttalelse

Innspel til revidert kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016 ? 2024

Ostereidet skulemusikk vil gjerne nytta høvet til å komma med eit innspel til kommunedelplan for idrett. Sjølv om vi ikkje har idrett som vår arena, ser vi at denne planen også vil få innverknad på vårt arbeid i nærmiljøet i Østereidet Ungdomsskulekrins, som er vårt nedslagsfelt.

Det vi har merka oss i framlegg til idrettsplan er prioriteringa av anlegg på Østereidet. I kommunedelplanen kjem det fram av «Folkehelseprofil for Lindås 2016» utarbeidd av folkehelseinstituttet, at vi står føre to hovudutfordringar: Livsstilsjukdomar blant vaksne, og psykiske plager og einsemd blant unge. Dette er alvorlege utfordringar som vi meiner kommunen og ikkje minst dei ulike nærmiljøa må stå saman for å få bukt med. Ein naturleg samlingsplass der ein kan drive med ulike aktivitetar tilpassa alle, meiner vi er heilt nødvendig i dette arbeidet. Å ha eit aktivitetshus som kan romma idrett, eit godt øving/konsertlokale og andre fritidsaktivitetar er det vi manglar på Østereidet. Når folk møtes veks det fram nye idear og ein får eit samhald på tvers av interesser. Vi ønsker ikkje at verken unge eller eldre skal sitja heime og kjenne på einsemd.

Den aktiviteten som skulekorpsene driv i dag verkar samlande og er ein hobby utan reservebenk! Alle er viktige for å få eit godt resultat. Forsking viser faktisk at det å læra notar og beherske eit instrument gjev positiv effekt for læring også i skulesamanheng, samstundes som det er sterkt utviklende for den sosiale kompetansen. Det er ein av dei få fritidsaktivitetane som ein driv på tvers av kjønn og alder. Vi har eit godt samarbeid med skulane i vårt nærområde og vi har idag øvingslokale på Østereidet ungdomsskule. For å få vidareutvikla korpsene treng vi eit betre øvingslokale og ein stad vi kan oppbevare utstyr. I dag har vi ikkje plass til større instrument som pauker, og andre melodiske perkujonsinstrument. Vi treng også ein stad der vi kan halde konserter og drive gruppeøvingar.

På bakgrunn av dette foreslår vi at ein fleir brukshall som gir rom for ulike typer aktivitet vert løfta fram som eit prioritert anlegg i den neste 4 års perioden.

Med venleg helsing
Styret i Østereidet Skulemusikk
v/Grethe Hansen Stemland